





KONTROLLUTVALET I VÅGÅ

MØTEBOK - PROTOKOLL

Møtestad Vågå kommunehus	Møtedato: 20. april 2018	Frå kl. 12:00	Til kl. 15 :00
Møteleiar:	Ivar Valdvik		
Møteinnkalling: (kunngjering)	Innkalling av 11. april 2018		
Representantar som er borte:			
Vararepr. som er tilstades:			
Til stades:	I alt: 2	Av desse ordinære medl.: 1	
Merknad:	Ingen merknad.		
Andre frammøtte:	Sekretær Morten Sørhage førte møteboka		
Saker som vart drøfta:	Sak nr. 8 - 12		
Merknader til møteboka:	Ingen merknad.		
Underskrifter:	 Ove Turtum	 Ivar Valdvik	

Protokoll frå utvalsmøtet sendt til:

- Medlemmane og varamedlemmane av kontrollutvalet.
- postmottak@vaga.kommune.no samt ordførar og administrasjonssjef
- Innlandet Revisjon IKS
- Presse



**VÅGÅ KOMMUNE
KONTROLLUTVALET**

MØTEBOK

ARKIV	SAKSBEHANDLAR	MØTEDATO	ORGAN	SAK NR.
	Morten Sørhage	20. april 2018	Kontrollutvalet	08/2018

VÅGÅ KOMMUNES REKNESKAP OG ÅRSMELDING FOR 2017

Vedlegg:

- Saksframlegg rekneskap og årsmelding 2017
- Revisors beretning om rekneskap og årsmelding for 2017
- Revisors oppsummering av årsoppgjeret 2017
- Rekneskap 2017 m/vedlegg, (sendt i egen postforsending)
- Økonomisk årsmelding 2017, (sendt i egen postforsending)

Saksframlegg:

§ 7 i kontrollutvalgsforskrifta fastset følgjande:

”Når kontrollutvalget er blitt forelagt revisjonsberetningen frå revisor, skal utvalget avgi uttalelse om årsrekneskapet før det vedtas av kommunestyret eller fylkestinget. Uttalelsen avgis til kommunestyret eller fylkestinget. Kopi av uttalelsen skal være formannskapet/kommunerådet eller fylkesutvalget/fylkesrådet i hende tidsnok til at det kan tas hensyn til den før dette organet avgir innstilling om årsrekneskapet til kommunestyret/fylkestinget.”

Rekneskapsansvarleg i Vågå har avlagt rekneskapen for Vågå kommune.

Kommunerevisor har gått gjennom rekneskapen i samsvar med gjeldande reglar. Revisor meiner at rekneskapen er i samsvar med lov, forskrifter og god kommunal bokføringsskikk.

Etter gjennomgang av motteke materiale har sekretæren for kontrollutvalet ingen merknad til revisor sin konklusjon. Idet sekretæren syner til revisjonsmeldinga datert 9. april 2018 vil ein rå kontrollutvalet til å gje slik

uttale:

Til kommunestyret i Vågå kommune:

Vågå kontrollutval sin uttale til Vågå kommune sin årsrekneskap for 2017

Kontrollutvalet gjekk i møte 20.04.2017 gjennom årsrekneskapen, der administrasjonen i Vågå kommune orienterte.

Driftsrekneskapen for Vågå kommune 2017 syner eit mindreforbruk på kr. 3 230 459.

Korrigert netto driftsresultat er negativt med kr. 2 710 116, dvs. -1,6 % av brutto driftsinntekter. Vågå kommunes handlingsregel er sett til 1,75 %. Tilhøvet syner at kommunen ikkje har nådd dette målet.

Disposisjonsfondet utgjer kr. 33 558 383, som er 9,9 % av brutto driftsinntekter. Vågå kommune har ein handlingsregel på 12 %. I 2016 utgjorde fondet 8,1 % av driftsinntektene. Tilhøvet syner ein positiv utvikling, med jamn auke sidan 2014, med måltall 5,9 % i handlingsregelen.

Lånegjeld, med fråtrekk av vidareutlån og lån til sjølkostområde, utgjer kr. 209 761 398, som utgjer 61,8 % av brutto driftsinntekter. Handlingsregelen er sett til maksimalt 81 %.

Arbeidskapitalen har i 2017 vorte redusert med kr. 10,5 mill. Arbeidskapitalen som er fri til drifta, har vorte styrka med ca. kr. 8,3 mill. og viser nå eit positivt beløp på kr. 43,7 mill.

Rådmannens innstilling:

1. Kommunestyret godkjenner årsrekneskapen og økonomisk årsrapport for 2017.
2. Rekneskapsmessig mindreforbruk på kr 3.230.459,12 blir disponert slik:
 - Kr. 2.730.459,12,- blir avsett til pensjonsfond (2560004).
 - Kr. 500.000,- blir avsett til disposisjonsfond for Galleri Ullinsvin (2560051)
3. Investeringsrekneskapen blir avslutta i balanse.

Kontrollutvalet merkar seg det gode arbeidet administrasjonen har lagt ned, der ein viser god økonomisk styring. Arbeidet er synt gjennom ei oversiktleg og informativ økonomisk årsmelding. Elles har ikkje kontrollutvalet merknader utover det som er nemnt ovanfor.

Handsaming:

Økonomisjef Frank Roger Vangen og kommunalsjef Jan Egil Fossmo orienterte om rekneskap og resultat. Dei forklarte om bakgrunn for talmaterialet og svara på spørsmål. Kontrollutvalet stilte spørsmål om utfordringar framover. Varaordførar Svein Blankenborg orienterte frå politisk hald. Dagleg leiar Bjørg Hagen og revisor Magnar Kolden i Innlandet Revisjon IKS orienterte om prosessen frå fagleg ståstad.

Uttale til kommunestyret:

Som forslaget.
Samrøystes.

MØTEBOK

ARKIV	SAKSBEHANDLAR	MØTEDATO	ORGAN	SAK NR.
	Morten Sørhage	20. april 2018	Kontrollutvalet	09/2018

SPESIFIKASJON AV REVISJONSHONORARET FOR 2017

Vedlegg:

- Revisjonshonorar 2017 – note i regnskapet

Saksframstilling:

Etter rekneskapsstandard nr. 6 er kommunene pliktige til å spesifisere ein del rekneskapspostar i noter.

Noten for revisjonshonorar skal vise kor mykje som er ordinært revisjonshonorar, kor mykje som utgjør forvaltningsrevisjon og kor mykje som har gått til tilleggssytelsar/bistand.

Revisjonshonoraret for 2017 er til saman kr. 655.000 som fordeler seg slik:

Ordinært revisjonsarbeid	Kr. 314.400
Forvaltningsrevisjon	Kr. 131.000
Tilleggssytelsar/bistand	Kr. 209.600

Revisor har og spesifisert oppgåvene under dei tre kategoriane.

Forslag til vedtak:

Kontrollutvalget tek spesifikasjonen av revisjonshonoraret for Vågå kommune for 2017 til orientering.

Handsaming:

Kontrollutvalet hadde ingen kommentar til orienteringa.

Vedtak:

Kontrollutvalget tek spesifikasjonen av revisjonshonoraret for Vågå kommune for 2017 til orientering.

Samrøystes.

MØTEBOK

ARKIV	SAKSBEHANDLAR	MØTEDATO	ORGAN	SAK NR.
	Morten Sørhage	20. april 2018	Kontrollutvalet	10/2018

KONTROLLRAPPORT 2017 VEDR. SKATTEOPPKREVJARFUNKSJONEN FOR VÅGÅ KOMMUNE

Vedlegg:

Kontrollrapport frå Skatteetaten for 2017 vedr. skatteoppkrevjarfunksjonen i Vågå kommune
 Årsrapport 2017 frå Skatteoppkrevjaren i Ottadalen
 Årsmelding frå Arbeidsgjevarkontrollen i Nord-Gudbrandsdal

Saksframstilling:

Skatteoppkrevjarfunksjonen er eit samarbeid mellom dei fire Ottadalskommunane. Funksjonen er lagt til Vågå kommune og er regulert etter kommunelova § 28-1b som eit administrativt vertskommunesamarbeid, der administrasjonssjefane (eller den dei delegerer) utgjer eit samarbeidsutval.

Skattekontoret har ansvaret for å avklare om skatteoppkrevjarfunksjonen i kommunen vert utøvd tilfredsstillande etter gjeldande regelverk på områda:

- Intern kontroll
- Rekneskapsføring, rapportering og avleggjing av skatterekneskapan
- Skatte- og avgiftsinnkrevjing
- Arbeidsgjevarkontroll

Riksrevisjonen har ansvaret for revisjonen av skatteoppkrevjarfunksjonen i kommunane medan Skatteetaten utfører kontrollen.

Skattekontoret har i 2017 hatt kontorkontrollar med skatteoppkrevjar på skatterekneskapsområdet. Kontrollane førde til pålegg av avstemming av forskotstrekk og arbeidsgjevaravgift. Skatteoppkrevjar har innretta seg etter pålegget.

Kontrollrapporten konkluderer med at skatteoppkrevjaren i det alt vesentlege har handla i samband med gjeldande regelverk. Arbeidsgjevarkontrollen utgjer 5,3 % av arbeidsgjevarane i Vågå kommune. Dette er i samsvar med kravet frå Skattedirektoratet, som set kravet til 5 %. Arbeidsgjevarkontrollen er organisert under Skatteoppkrevjaren i Ottadalen. Verksemda dekkjer heile Nord-Gudbrandsdalen.

Forslag til vedtak:

Kontrollutvalet tek rapporten om skatteoppkrevjarfunksjonen i Vågå kommune for 2017 til orientering.

Handsaming:

Kontrollutvalet drøfta saka. Skatteoppkrevjar svarta på spørsmål.

Vedtak:

Kontrollutvalet tek rapporten om skatteoppkrevjarfunksjonen i Vågå kommune for 2017 til orientering. Samrøystes.

MØTEBOK

ARKIV	SAKSBEHANDLAR	MØTEDATO	ORGAN	SAK NR.
	Morten Sørhage	20. april 2018	Kontrollutvalet	11/18

VURDERING AV UAVHENGIGHEIT FOR 2018 – EIGENVURDERING FRÅ REVISOR

Vedlegg:

- Revisors vurdering av uavhengigheit for 2018

Saksframstilling:

Kontrollutvalet sine oppgåver med rekneskapsrevisjon er heimla i Kommuneloven § 77 nr. 4 og Kontrollutvalgsforskriften kapittel 4.

Kontrollutvalet har eit ansvar for å sjå til at rekneskapane blir reviderte på ein forsvarleg måte. Dette er knytt til fleire forhold:

- At revisjonen skjer i samsvar med lover, reglar og god kommunal revisjonsskikk
- At revisor er uavhengig og oppfyller kvalifikasjonskrav
- At revisjonen følgjer eventuelle avtalar som revisor og kontrollutvalet har inngått

Kontrollutvalet fyller sitt ansvar for å sjå til at revisjonen blir utført på ein forsvarleg måte ved å gjennomføre aktiviteter knytte til oppfølging av revisjonen. Dette kan mellom anna omfatte revisor si uavhengigheitserklæring.

Sekretæren har vurdert revisor si erklæring om uavhengigheit for 2018 og har ingen merknader til denne.

Forslag til vedtak:

Kontrollutvalet tek revisor si erklæring om uavhengigheit til orientering.

Handsaming:

Dagleg leiar orienterte om innhaldet. Kontrollutvalet hadde ingen kommentar.

Vedtak:

Kontrollutvalet tek revisor si erklæring om uavhengigheit til orientering. Samrøystes.

MØTEBOK

ARKIV	SAKSBEHANDLAR	MØTEDATO	ORGAN	SAK NR.
		20. april 2018	Kontrollutvalet	12/2018

OPEN POST

Leiar viser til sårbarheita ved at kontrollutvalet har berre tre faste representantar. På dette møtet møter ein fast representant og ein vararepresentant. Dette gjer at utvalet ikkje får drøfta saker på ein tverrpolitisk grundig måte. Samstundes kan det vera fare for at oss ikkje får innspel frå innbyggjarane.

Kontrollutvalet er bekymra for situasjonen i Vågå kommune. Dei ser det som viktig at administrasjonen tek tak i naudsynt omstillingsprosess.. KU ber sekretær kalle inne administrasjonen for orientering i møte primo juni. Utvalet ynskjer spesifikt orientering om:

- Tertialrapport.
- Prosedyrer for omstilling/nedbemanning.
- Prosess for oppfølging budsjett og økonomiplan.
- Informasjon om organisering og oppgavefordeling av administrasjonen.
- Avklaring om avvik i rapport frå helse og omsorgstenester til personar med utviklingshemming. Rapport frå Fylkesmannen i 2016.
- Status ang. rettssak om endra boforhold innan PU.
- Gavefond Vågåheimen. Kontrollutvalet ber sekretær innhente rekneskap og statuttar.